# Kystsogevekene 2003

23. august til 28. september



## *Den største kystkulturmønstringa i Noreg*

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SpareBank 1 Vest

# Velkommen til Kystsogevekene 2003



*rdet kystkultur gjev gode assosiasjonar for dei fleste. Kysten sin kulturarv trer fram som oko som har ein eigenverdi som er vel verdt å ta vare på. Vi er alle ein del av det miljøet g den kulturen vi har vakse opp med. Slik vi opplever dette, er det eit resultat av utvikling jennom tallause generasjonar. Historia fortel om korleis folk budde og levde gjennom idene, korleis dei fekk sitt utkomme og korleis dei hadde det i kvardag og fest.*
*ystkulturen er ikkje berre slik det var for lang tid sidan, men også korleis det er i dag og orleis samfunnet vårt utviklar seg framover. Skal vi forstå notida og kunne seie noko om ramtida, må vi forstå fortida.*
*kystsogevekene set vi kystkultur på dagsorden. Gjennom nokre veker i haust vil om lag 50 arrangement finne stad i 20 kystkommunar frå Sognefjorden til Haugalandet. Denne norme festivalen kjem i stand ved eit samspel mellom offentleg, friviljuge lag og rganisasjonar og næringslivet. Det er eit utruleg arbeid som vert lagt ned rundt om bygdene. Dette syner kor opptekne og stolte folk er av kulturen og identiteten sin.*
*fjor fekk meir enn 42 000 menneske oppleve delar av Kystsogevekene. Med dette rogrammet som ligg føre: gled dykk! La oss saman fylle kystkulturmiljøa med liv og røre det vi tek vare på det som var og samstundes tek opp i oss nye ting.*

*dd Jan Lien*
*agleg leiar*

# Innhald

**Programsider** ........................ 5-10

**Framsyningar på ulike stader under Kystsogevekene**

Magiske perler ................ 4
Bedehuskveld ................ 4
Terje Vigen ................ 4
Baron von Himmelvlogens ........ 4

**Særskilde arrangement:**

Offisiell opning ................ 3
Den kulturelle skulesekken ....... 35
Kulturvandring ................ 35
Kystgildet ................ 35

**Kommunar:**

Askøy ................ 11
Austevoll ................ 19-20
Austrheim ................ 27
Bergen ................ 12
Bømlo ................ 21-22
Fedje ................ 28
Fitjar ................ 23
Fjell ................ 13
Gulen ................ 29
Lindås ................ 30-31
Masfjorden ................ 32
Meland ................ 33
Os ................ 14
Osterøy ................ 15-16
Radøy ................ 34
Stord ................ 24
Sund ................ 17
Sveio ................ 25
Tysnes ................ 26
Øygarden ................ 18

**Museum og utstillingar** .... 36-38

## Opning av Kystsogevekene 2003 på Osterøy museum, Osterøy laurdag 23. august

**Kl. 15.00**

Velkommen til Osterøy kommune, ordførar Ove Kleivland.

Velkommen til opning av Kystsogevekene, styreleiar Trygve Fitje.

Offisiell opning Kystsogevekene 2003.



Kulturkabareten "Osterøy, ei øy i verda", regi: Kristoffer Foldøy, muskikkansvarleg og orkesterleiar: Frank Windt, arrangør: Oppvekst og kulturavdelinga Osterøy kommune. Eit samansett program der born, ungdom og vaksne viser innslag med lokal, nasjonal og internasjonal tilknyting. Vi skal få sjå kva følgjer kulturpåverknaden i vår tid får å seia for unge ostringar sine uttrykksformer og repetoarval. Her vert samspel med fele - slått til rockekomp, irske folketonar og italienske ariar, ein småskuleklasse gjev eksempel på vår barnesongtradisjon. Osterøy ungdomsskule viser litt frå sin oppsetnad av musikalen "Les Miserables" og det vert dans og toraderspel.

**Osterøy museum sine utstillingar er opne denne dagen.**

# Framsyningar og utstillingar som blir viste på ulike stader gjennom Kystsogevekene

## "Magiske perler" ei framsyning om notida dikta i fortida, ved Hordaland Teater

Med utgangspunkt i stoff frå 1800-talet trillar vi perler som også har magisk kraft i vår tid. Eventyrlege dyr, spretne tonar, gamal overtru og nye møte tar oss med til grenselandet mellom den barnlege og den vaksne verda.
For nokon blir det eit første møte med diktarar som Bjørnson, Ibsen, Garborg og Lie, for andre eit triveleg gjensyn.
Produksjonen er eit samarbeid mellom fylkesmusikarane i Hordaland og Hordaland Teater.
Regi: Vera Rostin Wexelsen – Medverkande: Reidun Horvei, Einar Mjølsnes, Frank Rolland, Monica Grønvik, Jan Erik Christensen, Eirik del Barco Soleglad.

## Baron von Himmelvlogens luftige reise

Flygemaskinen til Baron von Himmelvlogen er ein sjølvkonstruert sykkel med vengjar, pedeltrakka motor, propell ... og alt ein treng for ei reise som kan ta tid.
Produsent: Dukkenikkerne. Regi: Jack Markussen og Jan Holden.
Kostymer/rekvisita: Jack Markussen og Jan Holden. Aktør: Jan Holden.

## Gamle songskattar frå bedehuset

Dei gamle bedehussongane utgjer ein verdifull del av den felles kulturarven vår. Under Kystsogevekene 2003 vil Bjørg Solsvik Åvitsland – song, og Signe Bakke – piano, vitje bedehus rundt omkring og framføre kjende og kjære songskattar. Bli med på bedehuskveld med gamle bedehussongar og tradisjonell servering.

## "Minnest du songen"

Håkon Hardtvedt frå Fitjar har hatt svært vellukka "Minnest du songen" kveldar på bedehus i Fitjar og Stord. Under Kystsogevekene 2003 legg han ut på ny turne med sitt program med gamle songskattar. Han bind saman programmet som vekslar mellom allsong, solosong og musikk.

# KYSTSOGEVEKENE 2003

## 23. AUGUST - 28. SEPTEMBER

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Lørdag 23.aug.** | | |
| Osterøy/Osterøy museum | Offisiell opning av Kystsogevekene 2003 | 3 |
| Osterøy/Osterøy museum | Framsyninga – "Osterøy ei øy i verda" | 3 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Torgdag og rokonkurranse | 19-20 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Musikalen "VinnNARREN" i Hengjo | 19-20 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Båtkonvoi og bussar til Stolmen | 19-20 |
| Kvalvåg/Austevoll | Midnattkonsert i Stolmen kyrkje | 19-20 |
| Langevåg/Bømlo | Familiedag, startar med frukost på kaien | 21-22 |
| Langevåg/Bømlo | Båtkonvoi til Espevær | 21-22 |
| Espevær/Bømlo | "Havets bord" står dekka | 21-22 |
| Espevær/Bømlo | Laurdagskveld med Bømloteateret | 21-22 |
| Sagvåg/Stord | Opnings-utstilling av Terje Grønstad | 24 |
| Leirvik/Stord | Puttefestivalen på Vikahaugane | 24 |
| Fitjar | "Fitjarfestivalen" | 23 |
| Fitjar | Opning av kunstutstilling i biblioteket | 23 |
| Knarvik/Lindås | Strilajazz | 30-31 |
| Matre/Masfjorden | Veteranar viser rundt på Bjørn West-museet | 32 |
| Risnes/Radøy | Skogsdag på Risnes | 34 |
| **Søndag 24.aug.** | | |
| Langøyna/Fjell | Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter | 13 |
| Ovågen/Øygarden | Øygardsmarknad ved Kystmuseet | 18 |
| Ovågen/Øygarden | Premiere: "0 til 100" | 18 |
| Fitjar | "Fitjarfestivalen" | 23 |
| Bekkjarvik/Austevoll | Friluftsgudsteneste på skjeret | 19-20 |
| Espevær/Bømlo | Espeværsdag | 21-22 |
| Leirvik/Stord | Puttefestivalen på Vikahaugane | 24 |
| Matre/Masfjorden | Bjørn West-marsjen | 32 |
| Matre/Masfjorden | Veteranar viser rundt på Bjørn West-museet | 32 |
| Villanger/Radøy | Arrangement, Kvernhuset på Villanger | 34 |
| Lygra/Lindås | Mellomalderdag på Lyngheisenteret | 30-31 |
| Vassel/Lindås | Guida omvising i Lindås skulemuseum | 30-31 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| Knarvik/Lindås | Strilajazz | 30-31 |
| Årås/Austrheim | "Magiske Perler" i Austrheim samfunnshus | 27 |
| **Måndag 25.aug.** | | |
| Bogatunet/Radøy | Ein "familie" bur på Bogatunet | 34 |
| **Tysdag 26.aug.** | | |
| Bogatunet/Radøy | Ein "familie" bur på Bogatunet | 34 |
| **Onsdag 27.aug.** | | |
| Bogatunet/Radøy | Ein "familie" bur på Bogatunet | 34 |
| **Torsdag 28.aug.** | | |
| Bogatunet/Radøy | Ein "familie" bur på Bogatunet | 34 |
| **Fredag 29.aug.** | | |
| Loddefjord/Bergen | "Magiske Perler" på Haugatun kultursenter.. | 12 |
| Bogatunet/Radøy | Ein "familie" bur på Bogatunet | 34 |
| Isdal/Lindås | Garveryen" i Garveriet. | 30-31 |
| Tveit/Meland | Melandsrevyen "ikkje eit år utan" | 33 |
| Seim/Lindås | "Håkonarvarde" skuleframsyning | 30-31 |
| **Laurdag 30.aug.** | | |
| Langøyna/Fjell | Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter. | 13 |
| Os sentrum | Bondens dag. | 14 |
| Os sentrum | Oselvardefilering, kapproing og kappsegling | 14 |
| Os sentrum | Fiskekonkurranse. | 14 |
| Kvalvåg/Austevoll | "Magiske Perler" i Trelasten. | 19-20 |
| Sagvåg/Stord | Vervadag på Jensaneset | 24 |
| Holme/Meland | Marknad/torg, sal/utstilling, tradisjonsmat, gamledampen "Oster" ligg ved kai, underhaldning. | 33 |
| Dale/Meland | Melandsrevyen "ikkje eit år utan" | 33 |
| Seim/Lindås | Årspremiere "Håkonarvarde", kveldsframsyning | 30-31 |
| Isdal/Lindås | "Garveryen" i Garveriet. | 30-31 |
| Tjorehagen/Radøy | Haustdag i Tjorehagen | 34 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Søndag 31.aug..** | | |
| Langøyna/Fjell | Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter | 13 |
| Langøyna/Fjell | "Magiske Perler" på Langøy Kystkultursenter | 13 |
| Glesvær/Sund | Tur i Nordsjøløypa | 17 |
| Glesvær/Sund | Omvising på handelsstaden | 17 |
| Vikåsen/Øygarden | Familietur i Vikåsen tursti | 18 |
| Våge/Tysnes | "Magiske Perler" i Vonheim | 26 |
| Sagvåg/Stord | Prestaskyssen frå Sagvåg | 24 |
| Sagvåg/Stord | Friluftsgudsteneste på Verven | 24 |
| Fitjar | "Minnest du songen" i Fitjar bedehus | 23 |
| Takle/Gulen | Open dag i Vassbruksmiljøet i Takle | 29 |
| Holme/Meland | Friluftsgrudsteneste på Holmeknappen | 33 |
| Holme/Meland | Marknad/torg, sal/utstilling, tradisjonsmat, gamledampen "Oster" ligg ved kai, underhaldning | 33 |
| Holme/Meland | Vestbygdmarsjen | 33 |
| Rossland/Meland | Melandsrevyen "ikkje eit år utan" | 33 |
| Seim/Lindås | Framsyning "Håkonarvarde" | 30-31 |
| Hjelmås/Lindås | Open gard på Hjelmås Hestesenter | 30-31 |
| Lygra/Lindås | Strilefiskefestival på Lyngheisenteret | 30-31 |
| **Onsdag 3.sept.** | | |
| Tofterøy/Sund | Gamaldags bedehuskveld på Tofterøy bedehus | 17 |
| **Torsdag 4.sept.** | | |
| Masfjorden | Gamaldags bedehuskveld på Haugsvær bedehus | 32 |
| **Fredag 5.sept.** | | |
| Strusshamn/Askøy | "Magiske Perler" på Strusshamn skule | 11 |
| Valestrandfossen/Osterøy | "Magiske Perler" på Hauge skule | 15-16 |
| Fitjar | Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen" | 23 |
| Våge/Tysnes | Gamaldags bedehuskveld på Tysnes bedehus | 26 |
| Kulleseid/Bømlo | Kanaldagane 2003 "Maritim marknad" | 21-22 |
| Eivindvik/Gulen | Gulatingseminaret | 29 |
| Lyngheisenteret/Radøy | "Ro for livet" start og kulturelle innslag | 34 |
| Knarvik/Lindås | Knarvikmila: Konferanse, miniseminar | 30-31 |
| Isdalstø/Lindås | Konsert m/De Musikalske Dvergene i Garveriet | 30-31 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Laurdag 6.sept.** | | |
| Vik/Øygarden | "Minnest du songen" i Vik bedehus | 18 |
| Langøyna/Fjell | Kurs i tradisjonell ølbrygging | 13 |
| Kulleseid/Bømlo | Kanaldagane 2003 "Maritim marknad" | 21-22 |
| Leirvik/Stord | Husflidsdagen på Sunnhordland folkemuseum | 24 |
| Leirvik/Stord | "Magiske Perler" på Kulturhuset. | 24 |
| Fitjar | Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelmen" | 23 |
| Eivindvik/Gulen | Gulatingseminaret – open dag. | 29 |
| Lygra/Radøy | "Ro for livet" ror vidare | 34 |
| Knarvik/Lindås | Knarvikmila: Minimila, Knarvikmila Xtrem, kyrkjekonsert, familiedag. | 30-31 |
| Fedje | Torgdag | 28 |
| Fedje | Baron von Himmelvlogens heftige reise | 28 |
| Bergen/Grieghallen | Kystgildet. | 35 |
| **Søndag 7.sept.** | | |
| Raknes/Osterøy | Gamaldags bedehuskveld på Raknestunet | 15-16 |
| Tofterøy/Sund | Frilufgudsteneste på Trellevik Kystkultursenter. | 17 |
| Tofterøy/Sund | Kystsogedag på Trellevik Kystkultursenter | 17 |
| Tælavåg/Sund | "Terje Vigen" på Nordsjøfartmuseet. | 17 |
| Kulleseid/Bømlo | Kanaldagane 2003 "Maritim marknad" | 21-22 |
| Lykling/Bømlo | Gruvevandring i gullgruvene. | 21-22 |
| Valenheimen/Sveio | Markering av at Valenheimen er 100 år. | 25 |
| Leirvågen/Sveio | Tur til Leirvågen | 25 |
| Leirvågen/Sveio | Friluftsgudsteneste | 25 |
| Valestrand/Sveio | Folketonekonsert i Valestrand kyrkje. | 25 |
| Eivindvik/Gulen | Dahl-dagen. | 29 |
| Risnes/Radøy | "Ro for livet" ror i mål | 34 |
| Bogatunet/Radøy | Bogatunstemne | 34 |
| Knarvik/Lindås | Knarvikmila: Knarvikmila, Naturløype. | 30-31 |
| **Onsdag 10 sept.** | | |
| Håkonshella/Bergen | Bedehuskveld i Vassenden | 12 |
| **Fredag 12.sept.** | | |
| Årbakka/Tysnes | Aktivitetshelg på Årbakka. | 26 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Laurdag 13.sept.** | | |
| Buavåg/Sveio | Kulturkveld på Sjøhuset. | 25 |
| Årbakka/Tysnes | Aktivitetshelg på Årbakka. | 26 |
| Eivindvik/Gulen | Ungdomsfest i Ungdomshuset Vårtun. | 29 |
| Valevåg/Sveio | "Strandhogg" med aktivitetar for heile familien. | 25 |
| **Søndag 14.sept.** | | |
| Osterøy | Kulturløype | 15-16 |
| Mosterhamn/Bømlo | Avslutningsarrangement i Moster Amfi. | 21-22 |
| Årbakka/Tysnes | Aktivitetshelg på Årbakka. | 26 |
| Stord | Kulturminnedagen | 24 |
| Buavåg/Sveio | Familiedag på Sjøhuset | 25 |
| Nesheim/Sveio | Tur Nesheim – Buavåg langs Nordsjøløypa | 25 |
| Lindås/Lindås | "Helsestell i Lindås i soge og samtid". | 30-31 |
| Lindås/Lindås | Gudsteneste i Lindås kyrkje. | 30-31 |
| Lindås/Lindås | Plassering av marmortavlene og kaffi i kyrkjeparken | 30-31 |
| Lindås/Lindås | Opning av utstilling, kulturinnslag og foredrag. | 30-31 |
| Lindås/Lindås | Bygdevandring. | 30-31 |
| Fauskanger/Askøy | «På gjengrodde stier» | 11 |
| **Måndag 15.sept.** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | "Den kulturelle skulesekken" i Moster Amfi. | 21-22 |
| **Tysdag 16.sept.** | | |
| Mosterhamn/Bømlo | "Den kulturelle skulesekken" i Moster Amfi. | 21-22 |
| **Fredag 19.sept.** | | |
| Strusshamn/Askøy | Beatles-cabaret. | 11 |
| **Laurdag 20.sept.** | | |
| Kleppestø/Askøy Senter | Opning av Askøyfestivalen på Kleppestø | 11 |
| Kleppestø/Askøy | "Den store dansefesten" i Askøyhallen. | 11 |
| Follese/Askøy | Askøy fotball– kamp på Bergheim m/kulturelle innslag. | 11 |
| Manger/Radøy | Dansegalla i Radøyhallen med "Thorleifs". | 34 |
| Flolid/Gulen | Familiedag i Gulatingparken. | 29 |
| Mjømna/Gulen | Krabbe- og sjømatfestival | 29 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **Søndag 21.sept.** | | |
| Strusshamn/Askøy | Jazzit v/Eirik Minde, Jazz-konsert | 11 |
| Ravnanger/Askøy | Idrettens dag | 11 |
| Dronningen/Askøy | Friluftsgudsteneste .Utdeling av miljøpris | 11 |
| Strusshamn/Askøy | Utstilling av hustavler | 11 |
| Sellevåg/Gulen | Open dag i Sellevåg treskofabrikk | 29 |
| Furenes/Gulen | Rekebord i Brandanger Samfunnshus. | 29 |
| **Måndag 22.sept.** | | |
| Askøy | Idrett/kultur for funksjonshemma | 11 |
| **Tysdag 23.sept.** | | |
| Askøy | Askøyfestivalen | 11 |
| **Onsdag 24.sept.** | | |
| Askøy | Askøyfestivalen | 11 |
| **Torsdag 25.sept.** | | |
| Strusshamn/Askøy | Jazzit og barneblues for yngre | 11 |
| Sandnes/Masfjorden | Barnehagedagen 2003 i Sandnes barnehage | 32 |
| **Fredag 26.sept.** | | |
| Askøy | Havna. Kor frå heile Hordaland. | 11 |
| Fromritoppen/Askøy | Ulike aktivitetar | 11 |
| Leirvik/Stord | Stord Jazz- og blues festival | 24 |
| **Laurdag 27.sept.** | | |
| Askøy | Askøyfestivalen | 11 |
| Leirvik/Stord | Festival-utstilling med Ingunn Van Etten. | 24 |
| Leirvik/Stord | Stord Jazz- og blues festival. | 24 |
| **Søndag 28.sept.** | | |
| Erdal/Askøy | Hausttakkefest i Erdal kyrkje. | 11 |
| Kleppestø/Askøy | Fleirkulturell dag. | 11 |

Kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Austrheim, Radøy, Masfjorden og Lindås har arrangement i tilknyting til Kystsogevekene som kjem i forkant og etterkant av sjølve tidsramma for Kystsogevekene 2003. Desse arrangementa er førte opp på kommunane si side.

# Askøy

## 'Magiske Perler

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne.
Sjå s. 4 for meir omtale.

## Askøyfestivalen

Opningsarrangement på Kleppestø senter. I festivalvekene blir det bl.a. "Den store dansefesten" i Askøyhallen. Idrettskulens dag. Idrett og kulturveke for funksjonshemma. "På gjengrodde stier" (kulturtur). Friluftsgudsteneste. "Kor i havna" (kor frå Askøy og Hordaland møtest til stormønstring i Strusshamn). Eldredagen blir markert. Fleirkulturelt arrangement. Fiskefestival. Kystblues i Strusshamn. Barneblues. Presentasjon av Olav Lavikviser v/Askøy mållag. "Jukebox" m/Kormix. Konsert i Hetlevik kulturfabrikk.
Askøyfestivalen held fram til og med 12.oktober med bl.a. visekveld på Træet skule 05.10. Alle mann-sangerne på Askøy og Kleppe musikklag på Hetlevik Kulturfabrikk 04.10. Festivaldans i Havna 04.10. Kystblues 10. og 11.10. Juke-box på Ravnanger 12.10. Følg med i lokalpressa for nærare informasjon.

**Nærare informasjon hos:**
**Askøy kulturkontor,**
**tlf. 56 15 84 70**
**Internett heimeside:**
**www.askoy.com**



*Kystkulturaktivitet i Strusshamn.*
*Foto: Torbjørn Virkesdal*

### PROGRAM:

**Fredag 5.sept.**
«Magiske Perler» på Strusshamn skule kl. 11.35.

**Søndag 14.sept.**
«På gjengrodde stier» kl. 13. Mellom Hestetræet og Skråmestrø. Parkering v/gamleskulen på Fauskanger.

**Fredag 19.sept.**
Beatles-cabaret i Strusshamn. Målgruppe "eldre" over 18 år.

**Laurdag 20.sept.**
Opning av Askøyfestivalen på Kleppestø Senter. Oppmarsj. Underhaldning i og utanfor senteret.
"Den store dansefesten" i Askøyhallen.
Askøy fotball – Follese – kamp på Bergheim m/kulturelle innslag.

**Søndag 21.sept.**
Jazz IT v/Eirik Minde. Jazzkonsert i Strusshamn.
Idrettens dag. Ravnanger. IRA arrangør for 13 idrettsskular på Askøy.
Kl. 11.30 Friluftsgudsteneste på Dronningen. Utdeling av miljøpris. Utstilling av hustavler i Strusshamn.

**Måndag 22.sept.**
Idrett/kultur for funksjonshemmede.

**Laurdag 27.sept.**
Kor i Havna. Kor frå heile Hordaland deltar i konkurransar og seminar.
Ulike aktivitetar på Fromritoppen. Aktivitetane vil føregå ved butikksenteret.

**Søndag 28.sept.**
Hausttakkefest i Erdal kyrkje. Fleirkulturell dag på Kleppestø Barneskole. Røde Kors inn-vandrarkvinner er med arrangørar, frå kl. 1500. Tema: Folklore, nasjonaldraktar og ulike mattradisjonar.

# Bergen

## Laksevåg bydel,
ein spanande bydel som har det meste.

## Turvegen mellom Loddefjord og Alvøen.
Bydelen har mykje flott natur, med Lyderhorn som landemerke. I oktober 2002 vart den nye turvegen mellom Loddefjord og Alvoen Idrettspark opna. Eit flott område der ein kan innbille seg at ein er langt ute i villmarka og ikkje i ein ung forstad med høgblokker og asfalt.

## "Magiske Perler"
Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne.
Sjå s. 4 for meir omtale.

## Bedehuskveld i Vassenden
er eit møte med vektlegging på forkynning og song. Vi fortel historia om bedehuset, om aktiviteten der – spesielt under krigen då det var ei vekking i 1942. Vassenden bedehus ligg fint til i skogen i sørenden av Småvatnet – på den gamle ferdselsvegen frå Mathopen til Alvoen og Håkonshella. Møtet er eit samarbeid mellom Vassenden Indremisjon, Hilleren Misjonsforening og Ungdomslaget Spiren.

**Nærare informasjon hos:**
**Laksevåg kulturkontor,**
**tlf. 55 56 29 40.**
**E-post: hilde-jorun.blindheim@bergen.kommune.no**
**Internett heimeside:**
**www.bergen.kommune.no/info**



*Tom Marcus, 5 1/2 år*
*Foto: Liv Ludvigsen*

**PROGRAM:**

***Fredag 29.aug.***
Kl.10 og 12 "Magiske Perler" skuleframsyningar på Haugatun kultursenter

***Laurdag 6.sept.***
Kultur utøvarar frå alle kystkommunane i Hordaland set farge på Bergen by.
kl. 10-15 barn unge og vaksne operer på Torget, Vågsalmenningen og Torgalmenningen.
utstilling av barnekunst i foajeen i Grieghallen.
Kl. 18.00 Kystgildet 2003 stor festframsyning i Grieghallen.
Arrangør: Stiftinga Kystsogevekene i samråd og støtta av Regionrådet for Bergen og Omland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Regionrådet for Nordhordland og Gulen.

***Onsdag 10.sept.***
Kl.19 Bedehuskveld i Vassenden



*Laksevåg har eige buekorps som arrangerer tønnebålet for 100 gang i år.*
*Utlånt av Laksevåg Bueskyttere.*

# Fjell



*Friluftsgudsteneste.*
*Foto: Gudveig Lillebø*

## Friluftsgudsteneste

på Langøy Kystkultursenter. I fredlege omgivnader med lokalhistorisk sus kan du lytta til den alltid aktuelle bodskapen.... Etterpå vert det hove til å stikka innom kafeen for ein kopp kaffi og nysteikte skillingsbollar frå bakeriet.



*Marknad.*
*Foto: Gudveig Lillebø*

## Langøymarknaden

To innhaldsrike marknadsdagar med eit yrande folkeliv og litt av kvart for heile familien: Gamle båtar på sjøen, lokale handverkarar og kunstnarar i naust og butikk, god mat i kafeen og på bryggjekanten. Og der godtfolk er, kjem godtfolk til......

## "Tradisjonell ølbrygging"

Ølbryggjaren Leif Stana frå Hardanger kjem til strilalandet med tilbod om kurs i ølbrygging. Dette er eit handverk med lange tradisjonar. Påmelding tlf. 56 32 64 65.

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne. Sjå s. 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos: Kulturavdelinga ved oppvekstetaten i Fjell kommune, tlf. 56 32 65 10, oppvekst Internett heimeside: www.fjell.kommune.no**

## PROGRAM:

**Søndag 24. aug.**
Kl.12 Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter, Langøyna på vestsida av Sotra.

**30. - 31. aug.**
Kl.12-18 Langøymarknaden på Langøy Kystkultursenter

**Søndag 31. aug.**
Kl.12 "Magiske Perler", Langøy Kystkultursenter

**Laurdag 6. sept..**
Kl.10-18 Kurs i tradisjonell ølbrygging på Langøy Kystkultursenter

# Os



## Oselvaren i kvardag og helg

Båten har vore avgjerande for at kystsamfunna har kunna overleva og utvikla seg. Kystsogedagen i Os ynskjer å visa ymse bruksområde for robåten – i vårt tilfelle sjølvsagt oselvaren – med fiskekonkurranse, kapproing og kappsegling. Saman med Bondens dag vil dette prega heile Os sentrum siste laurdagen i august.

## Robåten

Oselvaren har vore kjend som ein framifrå robåt, og kapproing med oselvar er ein gammal tradisjon. Kystsogedagane i Os held tradisjonen i hevd, og både røynde og ferske roarar får høve til å prøva seg.

## Seglbåten

Segl var standard utstyr på den vanlege bruksbåten, og det å segla om kapp har utvikla seg frå det spontane og uhøgtidelege til det organiserte. Organisert kappsegling med oselvarar har gått føre seg i over hundre år, og har naturleg nok vorte fast innslag i Kystsogedagane i Os. Her vert det klassar både for regattabåtar og standardbåtar.

## Fiskebåten

Til heimefiske, og i tidlegare



*Oselvardefilering på Oselva.*
*Foto: Marie Hauge, Os og Fusaposten.*

tider til alt kystfiske, var det robåten ein hadde å hjelpa seg med, og på kysten mellom Karmøy og Fedje var det oselvaren som dominerte. Kystsogedagen i Os byd på fiskekonkurranse, med klassar for robåt, motorbåt og stongfiske frå land.

## Bondens dag

Om oselvaren dominerer i elveosen, er det Bondens dag som set preg på Osøyro. Bilfritt sentrum, gratis frukost, aktivitetar på Kyrkjeflaten og butikkane i fri flyt ut over Osøyro høyrer med i år som tidlegare.

**Nærare informasjon hos**
**Os kommune, kulturkontoret**
**Tlf. 56 57 52 55**
**E-post: kulturkontoret@os-ho.kommune.no**
**Webadresse:**
**www.os.hordaland.no**

**PROGRAM:**

*Laurdag 30. august:*

Kl.10-15 Bondens dag

Kl.10.30 Oselvardefilering

Kl.11-14 Kapproing

Kl.14-16 Kappsegling

Kl.1430-17 Fiskekonkurranse

# Osterøy




*Kulturløype*



**"Kulturløype"**
Bli med på ei vandring gjennom vakker natur, rik på historie og historiske minnesmerke.

**Havrå:**
Garden er det første freda kulturmiljøet i Noreg.

**Mjedlasmia:**
Det meste av maskinar og innbu står på opphaveleg plass."

**Osterøy museum:**
Synleggjer levekår og bustandar for strilar flest frå 1600-talet og fram til i dag.
Gjerstad Låsefabrikk

**Bløddalssmia:**
Smia står slik ho var siste arbeidsdagen på slutten av 50-talet.

**Treskoverkstaden i Hosanger:**
Verkstaden vart etablert i 1924 og var i drift til 1954.

**Hamre kyrkje:**
Kyrkja var i mellomalderen hovedkyrkje for Nordhordland.

# Osterøy



## Gamaldags bedehuskveld

Ved Bjørg S. Solsvik Åvitsland og Signe Bakke. Bedehuskveld med gamle bedehussongar og tradisjonell servering.
Sjå s. 4 for meir omtale.

## Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid.
Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne.
Sjå s. 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos: Osterøy kommune, kulturetaten, tlf. 56 19 21 61./ www.museumsnett.no/ osteroymuseum**



## PROGRAM:

### Laurdag 23.aug.

Kl.15 Offisiell opning av Kystsogevekene 2003. Framsyning med born ungdom og vaksne - Osterøy ei øy i verda".

### Fredag 5.sept.

Kl.19 "Magiske Perler" på Hauge skule.

### Søndag 7.sept.

Kl.16 Gamaldags bedehuskveld på Raknestunet

### Søndag 14.sept..

Kulturløype
Kl. 12, 13 og 14: Havrå - parkér ved Osterøybrua.

Kl. 13 - 15: Mjedlasmia

Kl. 12 - 17: Osterøy museum.

Kl. 14 og 16: Omvising frå Osterøy museum - Gjerstad Låsefabrikk -Bløddalssmia.

Kl.15-17: Treskoverkstaden i Hosanger.
Kl.18: Omvising i Hamre kyrkje.

# Sund



*Elevar ved Telavåg skule var med då skilta i Museumsløypa vart sett opp. Foto: Marit Kalgraf*

## Tur i Nordsjøløypa frå Glesvær til Telavåg

Frå Handelsstaden Glesvær til Nordsjøfartmuseet i Telavåg siste søndag i kvar månad i perioden april-oktober.
Det vert omvising på Glesvær kl. 11.00. Kafeen på Glesvær er open frå kl. 08.30 til 11.00 med frokostbuffe. Turen til Nordsjøfartmuseet tek om lag 3 timar. Løypa går i ulikt terreng så ta på fottøy som toler vatn. Museumsløypa i Telavåg er også ein del av Nordsjøløypa. Stader med tilknytning til Telavåg-tragedien er merkte med informasjonsskilt. Rutebuss-avgong frå Telavåg kl. 16.25 til Glesvær (med atterhald om ruteendring: rutetlf. 177)

## Kystsogedag på Trellevik

Folkeakademiet i Sund arrangerer Kystsogedag på Trellevik Kystkultursenter på Tofterøy. Dagen startar med gudsteneste, og seinare går det slag i slag med segling, kanopadling, fisking og andre sjø-aktivitetar. Speidarane, livredningsklubben, bygdelag og båtlag står på for å gje oss ein fin og spanande dag. Aktivitetar og underhaldning frå morgon til kveld. Vel møtt store og små!

## "Terje Vigen"

av Henrik Ibsen, ved Hordaland Teater. Gjennom 43 vers stig ei historie fram som bergtek oss enno i dag. Regi: Vera Rostin Wexelsen, skodespelar: Jan ErikChristensen musikk: Kristian Borve.

## Gamaldags bedehuskveld

Ved Bjørg S. Solsvik Avitsland, Signe Bakke og Tofterøy Blandakor. Bedehuskveld med gamle bedehussongar og tradisjonell servering.
Arr: Tofterøy bedehuslag, folkeakademiet
Sjå s.4 for meir omtale

**Nærare informasjon hos:**
**Sund kommune,**
**tlf. 56 32 75 00 - E-post: post@sund.kommune.no.**
**Internett heimeside: www.sund.kommune.no.**
**Nordsjøfartmuseet,**
**tlf. 56 32 74 40 -**
**E-post: nordsjfm@online.no**
**Internett heimeside: www.nordsjofartmuseet.no**



*Kystsogedag i Trellevik. Foto: Kjell O. Pettersen*

**PROGRAM:**

***Søndag 31. aug.***
Tur i Nordsjø-løypa frå Glesvær til Telavåg.
Kl.11 Omvising på handelsstenden Glesvær.

***Onsdag 3. sept.***
Kl.19 Gamaldags bedehuskveld på Tofterøy bedehus.

***Søndag 7. sept.***
Kl. 11.00 Friluftsgudstjeneste Trellevik.
Kystsogedag på Trellevik.
Kl. 16.00 "Terje Vigen" på Nordsjøfartsmuseet i Telavåg.

# Øygarden

Bergen og Omland

## Øygardsmarknad

Premiere: "0 TIL 100"
Ei musikalsk reise gjennom livet med alvor og skjemt i bagasjen.
Med: Geir Barsnes, Geir Sebjørnsen, Synnøve Fjeldstad og Terje Onstad.

Småstunt frå Dampen Amatørteater. Musikk frå 50-60 talet med Ungdomsklubben "Holo".
Vik Mannskor har konsert om bord i D/S Oster. Øygarden toradarklubb.

Produksjon og sal av tradisjonelt handverk.
Sal av tradisjonsmat.
Underhaldninga vil gå føre seg på ulike stader: Museet, Sjøbua, mellom nausta, på kaien og om bord i D/S Oster.





## Familietur i Vikåsen Tursti

Med natursti og konkurranse.
Turmerke og diplom for born.
Kulturinnslag

## "Minnest du songen"

Bedehuskveld med gamle songskattar. Ein kveld med allsong, solistar og musikk.
Sjå side 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos:**
**Øygarden kommune - kulturetaten, tlf. 56 38 20 00.**
**Heimeside:**
**www.oygarden.kommune.no**
**Kystmuseet i Øygarden, tlf. 56385050.**
**E-post:**
**kystmuseet.oygarden@c2i.net**
**Internett heimeside:**
**www.museumsnett.no/kystmuseet**

## PROGRAM:

***Søndag 24.aug.***
Kl.12-17 Øygardsmarknad ved Kystmuseet i Ovågen.

***Søndag 31.aug.***
Kl 13 Familietur i Vikåsen Tursti.

***Laurdag 6.sept.***
Kl.19 "Minnest du songen" i Vik bedehus.

# Austevoll



*Torgdag i Bekkjarvik under Kystsogevekene 2002.*
*Foto: Vibeke Kroken, Marsteinen*

## "Kystsogehelg" i Bekkjarvik

Handelsplassen Bekkjarvik vert omgjord til ein gamal torgplass med handel og trivnad på kaien. Blant mange aktivitetar nemner me: kåring av den finaste (best pussa) trebåten i distriktet. Den gamle brugdebåten til kystlaget vert teken i bruk til ein Edel rokappestrid mellom bygdene i Austevoll. Tivoli på kaien heile helga. Selbjørn song og revygruppe inntek Bekkjarviks mest ærverdige bygg "Hengjo" om kvelden. Dei har urpremiere på musikalen "VinnNARREN". Etter siste framsyninga går ein båtkonvoi frå Bekkjarvik til Kvalvågen på Stolmen. Der er det midnattkonsert i Stolmen Kyrkje med Mariann Juvik Sæbo. Ho har med seg mannskoret Havdur og kammerorkester. Søndag morgon er det friluftsgudsteneste på skjeret i Bekkjarvik, medvirkande vert Marianne Juvik Sæbo.

## "Kystsogehelg" i Kvalvåg

Laurdag kveld 2. aug. vert det ein eksklusiv jazzkonsert i "Trelasten" med Fredrik Saroeas kvintett. Fredrik Saroea, bandets frontfigur, er ein stor kulturpersonligdom i Bergen. Han har fått god kritikk for sine kreative og flotte kunstverk, og hans fløyelsmjuke stemme gjer han til ein av Norges beste vokalistar. Torbjørn Hillersøy spelar bass, Bjarne Øymyr spelar piano, Are Ovesen spelar trompet og Nils Are Drønen på trommer. Kvintetten hausta svært god kritikk under Nattjazzen i fjor. Dei har kalla sitt program denne kvelden for "A tribute to Chet Baker". Søndag vert den gamle handelsstaden i Kvalvåg omgjort til marknadsplass. Temaet for marknaden er "familien ved havet 1850-1950". På

# Austevoll

Sunnhordland

kaien vert det sal av brukskunst, lefser, rømmegraut m.m. utstillingar og høve til omvisning på handelsstaden Kvalvåg.
For ungane blir det rebusløp.
Sigurdskroa er open.
Ein time før marknaden opnar, er det gudsteneste i kyrkja.

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne. Sjå s. 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos:**
**Austevoll kommune - kulturkontoret, tlf. 56180300.**
**Internett heimeside:**
**www.austevoll.kommune.no**



*Friluftsgudsteneste på skjeret i Bekkjarvik.*
*Foto: Vibeke Kroken, Marsteinen*

## PROGRAM:

### Laurdag 2.aug.

Kl.21 Jazz- konsert med Fredrik Saroeas kvintett i "Trelasten" i Kvalvågen.

### Sondag 3.aug.

Kl.11 Gudsteneste i Stolmen kyrkje.

Kl.12 Marknad i Kvalvågen.

### Fredag 22 aug.

Ungdomskonsert i Hengjo. Artist blir annonsert seinare. Rusfritt arrangement.

### Laurdag 23.aug.

Kl.11 Torgdag i Bekkjarvik.

Kl.1330 Rokonkurranse i Bekkjarvik hamneområde.

Kl.18 "VinnNARREN". Musikal i Hengjo.

Kl. 21 "VinnNARREN". Musikal i Hengjo.

Kl. 2245 Båtkonvoi frå Bekkjarvik til Kvalvåg/Stolmen kyrkje. Busstransport frå Bekkjarvik til Stolmen kyrkje.

Kl. 2345 Midnattkonsert i Stolmen kyrkje.

### Sondag 24.aug.

Kl.12 Friluftsgudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik.

### Laurdag 30.aug.

Kl.18 "Magiske Perler" i Trelasten, Kvalvåg.

# Bømlo

## Torgdag i Brandasund

I tunet til den gamle handels- og gjestgjevarstaden vert det arrangert torghandel med underhaldning og trekkspelmusikk. Naustvika ullverkstad og steinsmie har demonstrasjon, utstilling og sal av brukskunst, fisk og diverse. På Fabrikkloftet kan ein få matservering heile dagen, underhaldning kl.2100. Resten av kvelden svingar me oss til trekkspelmusikk. Torgdagen i Brandasund er ein tradisjon det er verdt å få med seg!

## Familiedag på Langevåg

Det har blitt tradisjon på Langevåg å starta Kystsogedagen med frukost på kaien i Kåso til både tilreisande og fastbuande. Ved kaien finn ein og veteranbåtar, forskjellige salsboder, utstillingar og så vert det veteranbusstreff. Det blir mykje musikk og underhaldning utover dagen, danseoppvisning og pallelop, for det heile vert avslutta med det svært populære kassabillopet. Velkommen til ein triveleg dag for heile familien på Langevåg!

## Båtkonvoi

Den årlege Båtkonvoyen startar I år frå Langevåg, går via det



*Hellebakst i Baadehuset. Foto:*

8000 år gamle grønsteinsbrotet i Hespriholmen til Espevær. Der blir båtane møtte med ferdig dekka "Havets bord", bugnande av fersk sjømat. Det blir påmelding under frukosten på Langevåg.

## "Laurdagskveld med Bømloteateret"

Bømloteateret underheld i Grendahuset. Etterpå blir det anledning til å ta seg ein svingom på dansegolvet. Det er minst 15 år sidan Bømloteateret var på Espevær, så dette skal bli kjekt!

## Espeværdag

For 100 år sidan var det knapt ein fiskar med respekt for seg sjølv som ikkje hadde vore på Espevær på fiske. Det ligg framleis igjen mange minne frå desse tider, og på Kystsogedagen viser Espeværingane stolt fram historia si. Hummarparken, eit unikt byggverk som kunne oppbevare 24 000 hummer. Handelsplassen Baadehuset som er restaurert til museum. Demonstrasjon av gamle oppfyringsmotorar ved Mæhles mek. verksted. Det blir servert grilla laks, rykande fersk hellebakst og annan tradisjonell kystmat. God tur til Espevær!

## Kanaldagane 2003

Me fylgjer opp suksessen frå i fjor og inviterer til ei ny helg med "Maritim marknad". Her blir det mykje spanande å sjå for både liten og stor. Båtutstilling, veteranbåtar, salsboder, forskjellige boder både inne og ute. Ein kan gå på historisk foredrag om Kulleseidkanalen eller andre arrangement for born, unge og gamle. Det blir mykje song, musikk og triveleg

# Bømlo

Sunnhordland

underhaldning. Velkommen til "Maritim marknad", ein stad der båtfolk treffest!

## Gruvevandring

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut som, medan han gjette sauer i utmarka, fann det fyrste gullet på Lykling. Dette utløyste eit gullrush utan sidestykke i Noreg. Sunnhordland Guideteneste tar deg med på gruvevandring der du vil møta rallarane med sine rallarviser og sjå synlege spor frå gruvedrifta.

## Arrangement i Moster Amfi

Kystsogevekene i Sunnhordland blir kvart år avslutta med eit felles arrangement i Moster Amfi. Her blir det presentert eit variert kulturprogram med innslag frå alle Sunnhordlands-kommunane.

**Nærare informasjon hos:**
**Jorunn Helgesen, Espevær,**
**tlf. 53447941.**
**Internett heimeside:**
**www.bomlo-reiselivslag.no**



*Kanaldagane 2002*

## PROGRAM:

**Laurdag 16.aug.**
Kl. 12-01 Torgdag i Brandasund. Fabrikkloftet har ope, servering fram til 2000. Naustvika ope frå 10-17.

**Laurdag 23.aug.**
Kl. 10 startar Familiedag på Langevåg.

Kl. 1630 startar Båtkonvoi.

Kl. 1830 "Havets bord" står dekka på Espevær.

Kl.20 Laurdagskveld med Bømloteateret på Espevær Grendahus.

**Søndag 24.aug.**
Kl. 11-17 Espeværsdag.

**Fredag 5.sept.**
Kl. 17- 21 Kanaldagane 2003.

**Lørdag 6.sept.**
Kl. 10- 18 Kanaldagane 2003.

**Søndag 7.sept.**
Kl. 10.30-17 kanaldagene 2003.
Kl. 14.00 Gruvevandring i gullgruvene på Lykling.

**Søndag 14.sept.**
Kl. 15 Kultur arrangement i Moster Amfi.

**15. og 16.sept.**
Den kulturelle skulesekken.

# Fitjar



Frå Håkonarspelet. Foto: Håkon Hardtvedt

## Håkonarspelet: "Kongen med Gullhjelmen

På Fitjar fekk Håkon den Gode banesåret. Slaget på Fitjar er den sjølvskrivne sentrale hendinga i spelet. Men spelet kastar også lys over ei anna historisk hending der Håkon den Gode står i sentrum: Varde- og leidangskipnaden langs kysten, eit omfattande system for å varsle kongen og folket om fiendar som var på veg. Spelstaden er Håkonarparken som ligg midt i sentrum i Fitjar. Her står og statuen av Håkon den Gode laga av bilethoggaren Anne Grimdalen. Statuen vart avduka av kong Olav i 1961 under 1000-års jubileet for slaget på Fitjar. Erfaring og tilbakemeldingar frå i fjor med kveldsframsyning var så positive at me i år set opp to kveldsframsyningar med profesjonell lyssetjing.

## "Fitjarfestival"

Fiskefestivalen har vore ein fast tradisjon i Fitjar sidan 1967. Dei siste åra har ein bygd ut denne til ein Fitjar Festival med mykje moro, både for store og små. Fiskefestivalen står framleis sentralt og er ein viktig del av festivalen. Nytt i år er at ein vil dekka langbord i sentrum med tradisjonsmat. I tillegg vert det tivoli og mange andre tilbod til store og små. Det vert og kunstutstillingar i Galleri SI og på biblioteket.

## "Minnest du songen"

Bedehuskveld med gamle songskattar. Ein kveld med allsong, solistar og musikk. Sjå side 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos:**
**Fitjar kommune - kulturetaten,**
**tlf. 53458500**
**Internett heimeside:**
**www.fitjar.kommune.no**

## PROGRAM:

### Torsdag 14.aug.

Kl.18 opning av kunstutstilling i Galleri SI - Aggi Folgerø Johannesen.

### Søndag 17.aug.

Open gard, Rimbareid

### 22. til 24.aug.

"Fitjarfestival" i sentrum.

### Laurdag 23.aug..

Kl.12-15 Opning av kunstutstilling i Biblioteket - Harald Vik.

### Søndag 31.aug.

Kl.1930 "Minnest du songen" i Fitjar bedehus.

### Fredag 5.sept.

Kl.1130 "Kongen med Gullhjelmen" i Håkonarparken, skuleframsyning.
Kl.21 "Kongen med Gullhjelmen" kveldsframsyning.

### Laurdag 6.sept.

Kl.21 "Kongen med Gullhjelmen" i Håkonarparken.

# Stord

Sunnhordland

## Puttefestival

Barn og foreldre og andre fotballinteresserte frå heile regionen er kvart år samla til Puttefestival på idrettsanlegget på Vikahaugane på Leirvik.

## Vervadag

Kom til Jensaneset i Sagvåg og sjå trebåtbyggjarar i arbeid og få demonstrert teknikkar og bruk av gamalt verkty. T.d. vert oppgangssaga demonstrert. Friluftsgudsteneste på Verven på sondagen. Prestaskyssen går frå Sagvåg. Arr.: Sagvågen Kystlag.



*Båtbyggjarar i sving på Verven i Sagvåg. Foto: Gunnar Bjørk*

## Husflidsdagen

på Sunnhordland folkemuseum. Husa er opne og i bruk, gamle handverks- og arbeidsteknikkar vert demonstrerte.
Arr.: Stord Husflidslag

## Stord Jazz og Bluesfestival

vert i år arrangert for tredje gong. Jazz og bluestonar vil strøyma ut frå utestadene BarBar, Cafe Delis, Den blå time og Arena. Kveldsarrangement og jazzkafé på laurdagen. Programmet i år inneheld namn som Kristina Bjordal Kvartett, Haugesung, Tone Lise Moberg Kvartett, Belfast Bluesband, Cucumber Slumber og Gunnar Stålesen og Vargtime.

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne. Sjå side 4 for meir omtale.

**Nærare informasjon hos:
Stord kommune, kundetorget tlf. 53496600, turistinformasjonen, kulturhuset tlf. 53496950
Internett heimeside:
www.stord.kommune.no**

## PROGRAM:

### Laurdag 23.aug.

Kl.1200 opnar utstilling av Terje Grønstad i Kunsthuset, Almåsvegen, Sagvåg. Utstillinga er open t.o.m. 14. sept.

### 23.og 24.aug.

Puttefestival Arr.: Stord Idrettslag.

### Laurdag 30.aug.

Kl.10-15 Vervadag på Jensaneset i Sagvåg.

### Søndag 31.aug.

Kl.11 Friluftsgudsteneste på Verven, Jensaneset, Sagvåg. Kl. 10.30 Prestaskyssen frå Sagvåg.

### Laurdag 6.sept.

Kl.11 "Husflidsdagen" på Sunnhordland folkemuseum, Leirvik.
Kl.17 "Magiske Perler" på Kulturhuset, Leirvik.

### Søndag 14.sept.

Kulturminnedagen.

### 26. og 27. sept.

Stord Jazz og Bluesfestival på Leirvik.

### Laurdag 27.sept.

Festivalutstilling med Ingunn

# Sveio



## Valevåg

Gammal handelstad, damskipsstoppestad og seinare viktig ferjekai for rutesambandet i Sunnhordland. Handelsplass frå 1850. Sildesalting, gjestgiveri og skyss-stasjon. Postopneri frå 1869, telefonstasjon frå 1898. Nedlagt som ferjekai 30.april 2001 då trekantsambandet vart opna. Tal på frakta bilar og passasjerar over Valevåg år 2000: Valevåg – Skjærsholmane: 480.130 bilar, 1.069.446 passasjerar.
Valevåg – Mosterhamn: 89.815 bilar, 198.313 passasjerar.

## Valenheimen 100 år

Vi markerer at Valenheimen er 100 år. Det blir tur med turlaget til Leirvågen og friluftsgudsteneste. Etter gudstenesta er det kafe i Valenheimen. Om ettermiddagen blir det folketone-konsert i Valestrand kyrkje. Medverkande her er Sondre Bratland, Nils Økland og Sigbjørn Apeland.

## Kulturkveld i Sjøhuset

i Buavåg. Underhaldning, utstilling og mat. Haugesundgruppa "Vesterled" spelar irsk folkemusikk. Påmelding.

## Familiedag på Sjøhuset

i Buavåg. Sjøhuset er ope med kafe, utstillingar og aktivitetar. Det blir utstilling av reiskap o.a. frå sildefiske. Utstilling av torv, stein, gull og arbeid frå lokale kunstnarar. Kl.13.30 vil bøkker Karluf Gundersen vise korleis ein lagar tønner og Torhild Opedal lagar knivar. Tur med Sveio turlag. Ungdomslaget arrangerar fiskekonkurranse. Aktivitetar for born og vaksne på sjø og land.

**Nærare informasjon hos:**
**Sveio kommune v/Pål Josok, tlf.: 53748000**
**Internett heimeside:**
**www.sveio.kommune.no**



## PROGRAM:

### Søndag 7. sept

Kl.11 tur til Leirvågen

Kl.12 friluftsgudsteneste

Kl.16 folketonekonsert i Valestrand kyrkje

### Laurdag 13. sept.

Kl.20 Kulturkveld på sjøhuset i Buavåg.

Kl 13 Sveio Kystlag gjer "strandhogg" i Valevåg Biletsamling/utstilling. Kåseri omvising. Natursti med spørsmål frå utstillinga. Leikar for born. Sal av mat.

### Søndag 14. sept.

Kl.11.30-16 Familiedag på sjøhuset i Buavåg.

Kl.11 tur Nesheim-Buavåg langs Nordsjøløypa

# Tysnes

Sunnhordland

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne.

Sjå side 4 for meir omtale.

## Gammaldags bedehuskveld

Ved Bjørg S. Solsvik Åvitsland og Signe Bakke. Bedehuskveld med gamle bedehussangar og tradisjonell servering.

Sjå side 4 for meir omtale.

## Aktivitetshelg på Årbakka

Tru og overtru har alltid hatt ei sentral rolle i hove til både plantar og medisin, som er hovudtema for arrangementet. Laurdag vert det kåseri ved Johannes Landmark – Planter til nytte, hygge og undring: Informasjon om medisinplanter ved Marie B. Fosshagen. Underhaldning og servering. Søndag heldt Tore Lande Moe foredrag om helsehistorie i Norge.



*Frå Vonheim. Foto: Bladet Tysnes*

**Nærare informasjon hos:**
**Tysnes kommune,**
**tlf. 53 43 70 21, Årbakka**
**Handelsstad**
**tlf. 53 43 51 41.**
**E-post:**
**post@tysnes.kommune.no**
**Internett heimeside:**
**www.tysnes.kommune.no**



*Roarane i Tysnes Rundt på veg ut frå Årbakka.*
*Foto: Bladet Tysnes*

### PROGRAM:

**Søndag 31.aug.**
Kl.18 'Magiske Perler' Vonheim i Våge.

**Fredag 5.sept.**
Kl. 1930 Gamaldags Bedehuskveld på Tysnes bedehus i Våge.

**12., 13. og 14.sept.**
Aktivitetshelg på Årbakka. Utstillingar, kåseri, underhaldning og servering.

Nordhordland
og Gulen

# Austrheim

## "Det var ein gong"

Lokalbefolkninga på Fonnes er opptatt av å ta vare på tradisjonar, dette kan du sjå og oppleva ved å besøkja oss på Fonneskaien i samband med Kystsogevekene. I år set me fokus på: Gamle mattradisjonar. Sjå og smak på lefser av ulike slag, kva med ein tallerken rømmegraut og spekemat? Ein får vita korleis fisk av ulike slag vert tillaga, sal av reker, krabbe og fiskesuppe.

Du kan også oppleva garn-boting, spleising av tau, klinking av trebåt, sjå utstilling av gamle fiske- og jordbruksreiskapar. VELKOMMEN!



*Fonnes – motor.*
*Foto: Helge Dyrkolbotn*

## Konsert

-The best of Ireland- v/Andrea Rice m/orkester, konsert i Austrheim samfunnshus. Arrangør: Det nordatlantiske kulturfellesskap i samarbeid med Austrheim songlag/-Austrheim kommune.

**Nærare informasjon hos:**
**Austrheim kommune, kulturavd., tlf. 56162000**
**Internett heimesider:**
**www.austrheim.kommune.no**



*Fonnes – klinking.*
*Foto: Helge Dyrkolbotn*

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Horda-land tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne. Sjå side 4 for meir omtale.

## "Minnest du songen"

Bedehuskveld med gamle songskattar. Ein kveld med allsong, solistar og musikk. Sjå side 4 for meir omtale.

## PROGRAM:

**Laurdag 9. aug:**
Kl.12 – 16 "Det var ein gong" på Fonneskaien.

**Fredag 15. aug:**
Kl. 19 -The best of Ireland- i Austrheim samfunnshus.

**Søndag 24. aug.**
Kl. 19 "Magiske perler" i Austrheim samfunnshus, Årås.

**Torsdag 28. aug.**
Kl. 19.30 "Minnest du songen" i Litlås bedehus.

# Fedje

Nordhordland og Gulen

## Torgdag på Fedje

Velkommen til torgdag på kaien til Havstad Tinn, utafor turistkontoret og fabrikkutsalet. Kræmmerholmen og Holmen kafen som næraste naboar. Det vil vera hove til omvising på fabrikken så lenge torget pågår. På torget vil det vera ulike boder, der du kan sjå eller kjøpa ting av ymse slag. Det vil vera lefsebaking og sal av andre produkt som er laga på Fedje, eller av folk som vil gjesta torget denne dagen. Kanskje det fristar med kvalgryte frå kval som er fanga av den nye fiskebåten 'Olavson'? Kvalgryta er nydeleg, og me feiingar er stolte av den nye båten 'vår'. Det vil sjølvsagt bli sal av vaflar, brus og kaffi, som seg hør og bør på ein torgdag. Det vil verta underhaldning for små og store. Er det nokon ungar som har lyst å prøve lukka på hesteryggen vert det hove til det og! Har du lyst på sosialt samver om kvelden, og kanskje ein svingom, vert det hove til det og. Kræmmerholmen har ope, og på Holmen er det dans. Feiingane er eit venleg folkeferd. Me trives med å gjera ting i lag med sambygdingar, og me likar å få besøk. Me ønskjer sambygdingar og gjester hjarteleg Velkomen til ein flott dag på Fedje!

## „Baron von Himmelvlogens heftige reise"

Familieframsyning med Nikkedukkerne. Ei morosam og fantasifull framsyning om å vera på leiting mellom himmel og jord, i fantasi og virkelighet!

**Nærare informasjon hos:**
**Turistinformasjonen på Fedje tlf. 56164320, eller Fedje kommune tlf. 56165100**
**Internett heimesider:**
**www.fedje.kommune.no**





**PROGRAM:**

*Laurdag 6.sept.*

Kl.10-15 Torgdag
Kl.12 Offisiell opning av torget
Kl.15 'Baron von Himmelvlogens heftige reise' på uteplassen til Kræmmerholmen.

# Gulen

## Vassbruksmiljøet i Takle

blir sett i gong, demonstrasjon av sliping, kornmaling og stamping. Det vert kulturinnslag og servering. Det autentiske anlegget er elles ope etter avtale.

## Gulatingseminaret

Ein årleg konferanse knytta til Gulatinget si historie. Årets tema er internasjonal rett og menneskerettar. Laurdag er "open dag" med populærvitenskaplege foredrag.

## Dahl-dagen

Det er ein eigen atmosfære i Eivindvik når ungdomslaget heidrar bygda sin "store far" - Prost Dahl - kvar sommar. Minnestund, aktivitetar, underhaldning og den beste fiskesuppa som er å få smakt.....

## Ungdomsfest

Ungdomsklubben i Eivindvik inviterer unge i heile kommunen til storfest i Ungdomshuset Vårtun. Det vert konsert, DJ, karaoke, konkurransar og høg stemning. Rusfritt arrangement.

## Familiedag på Tusenårstaden Gulatinget

Steinkunstnaren Bård Breivik



*Jenter med handkvern.*
*Foto: Sjur Fykse*

har starta arbeidet med ein unik natur- og skulpturpark på Tingstaden i Gulen. Første del av denne parken står ferdig i haust. Dette vert feira med ein stor familiedag på Tusenårstaden. Underhaldning frå den nye scena, aktivitetar for dei minste og sal og servering i vikingtunet.

## Sellevåg Treskofabrikk

Open dag der heile anlegget er opent. Fabrikken er framleis i driftsstand, og opnar dørene for publikum kvar sommar. Det vert orientering om fabrikken og produksjonen, og omvising med praktisk demonstrasjon av tresko-produksjonen. Tradisjonen tru vert rekebordet dekka i samfunnshuset.

## Krabbe og sjømatfestival

Ein sikker tradisjon "ute på øyane". På Mjømna vert det diska opp med prima sjømat, og det vert sommardans til ut i dei små timar.

**Nærare informasjon hos:**
**Gulen kommune, kulturetaten,**
**tlf. 57 78 20 00**
**Internett heimeside:**
**www.gulen.kommune.no**

## PROGRAM:

**Søndag 31.aug.**
Kl. 13-17 Vassbrukmiljøet i Takle

**Fredag 5.sept. - laurdag 6.sept.**
Gulatingseminar.

**Søndag 7.sept.**
Dahl-dagen på Prestekaia i Eivindvik.

**Laurdag 13.sept.**
Ungdomsfest i ungdomshuset Vårtun, Eivindvik.

**Laurdag 20.sept.**
Familiedag i Gulatingparken, Flolid.Krabbe- og sjømatfestival på Mjømna bygdehus.

**Søndag 21.sept.**
Kl. 13-16.30 Open dag i Sellevåg treskofabrikk.
Kl.14-17 Rekebord på Brandanger samfunnshus, Furenes.

# Lindås

Nordhordland
og Gulen



*Tur til Lygra. Foto:*

## Strilajazzen 10 år

Utekonsertar, Jazzkafe og kveldskonsertar i Jazzkjellaren og på Loftet. Møt artistar som Mart Rodgers Manchester Jazz, Reidar Larsen, Rita Eriksen m/Nobody Business Bluesband, Fredriksberg Jazzensemble m.m. Bluesseminar for ungdommar i forkant av festivalen.

## Mellomalderdag i Lurekalven

Historisk vandring i autentisk miljø. Stivandring, rotur over Kalvsundet. Omvising på mellomaldergarden v/Mons Kvamme. Minikåseri. Utstilling av tradisjonsbåtar, m.a. Prestebåten frå kapellangarden på Kvalvågnes som daterer seg attende til 1870. Servering. I samarbeid med Lindås Sogelag.

## Håkonarspelet: "Håkonarvarde"

av Johannes Heggland, musikk Jostein Stalheim. Sogespel om Håkon den Gode og den kampen han førde for å få folket i Noreg til å ta imot Kvitekrist. Regi: Gerald Pettersen. Orkester: Manger Musikklag med m.a. Arvid Ones, Kjersti Wiik og 150 amatørar.

## Strilfiskefestivalen 2003

Familiedag på Lyngheisenteret. Demonstrasjon av tradisjonell konserveringsteknikk av fisk (nubbesild, ansjos og boknafisk). Smaksprøvar av bokna lyr og pale, klippfisk og sildeprodukt. Festivalbod, kystkulturelt kåseri kl.1430. Båtutstilling med færing og åtring bygde i Lindås. Barneaktivitetar med demonstrasjon av gamalt fiskeutstyr og garnbøting, jakt på småkryp i fjøra og "prøvefiske" frå tradisjonsbåtar. Notakast om vêret tillet det.

## Open dag på Hjelmås hestesenter

Gratis ridning, gardsbesøk med aktivitetar.
Omvising i Bestefarstova med gamal byggjeteknikk, lafing og grindverk. Foredrag: Laust og fast om løgne strilar.

## Knarvikmila 2003

Fredag: Konferansen "Etikk og moral som styringsreiskap", Miniseminar "Skulemedisin kontra alternativ behandling".

Laurdag: Minimila. Familiedag m/underhaldning. Knarvik Senter. Knarvikmila Xtrem – 8 km hard skogsløype. Kyrkjekonsert med Ytre Suløens Jazzensemble og musikarar frå New Orleans. Manger kyrkje.

Søndag: Knarvikmila, Knarvik Stadion. 5 og 10 km mosjonsløp på asfalt. Naturløype utan tidtaking og nedre aldersgrense.

# Lindås

## Helsestell i Lindås i soge og samtid

Kulturminnedag med tema: "Vår medisinske kulturarv". Gudsteneste i Lindås kyrkje kl. 11. Ny plassering av marmortavlene til Katharina Saltnes. Kaffi i Kyrkjeparken. Opning av utstilling, Lindås Sjukeheim kl. 14. Kulturinnslag ved Lindås ungdomslag. Foredrag v/Roar Nilsen, Hordaland LHL, bygdevandring v/Karsten Stene, utstilling av Prestebåten frå kapellangarden på Kvalvågnes. Lindås sogelag i samarbeid med ulike lag og organisasjonar i Lindåsbygda står som arrangør for dagen.

**Nærare informasjon hos:
Lyngheisentret på Lygra, tlf. 56356410
E-post: lyngheisentret@e2i.net
Internett heimeside:
www.lindas.kommune.no**



*Håkonarspelet. Foto: Nordhordland*

## PROGRAM:

### Fredag 15. og laurdag 16.aug.
Kl.20 Garveryen. Garveriet i Isdal.

### Søndag 17.aug.
Kl.17-19 Open gard. Hjelmås Hestesenter.

### Fredag 22. til søndag 24.aug.
Strilajazz i Knarvik.

### Søndag 24.aug.
Kl.12 Mellomalderdag på Lyngheisenteret
Kl.13-17 Lindås skulemuseum, i Vassel, guida omvising

### Fredag 29.aug.
Kl.20 Garveryen. Garveriet. Isdal
Kl. 20.30 "Håkonarvarde" på Seim, skuleframsyning

### Laurdag 30.aug.
"Håkonarvarde" på Seim, kveld-framsyning, tidspunkt blir ann.
Kl.20 Garveryen. Garveriet. Isdal

### Søndag 31.aug.
Kl.15 "Håkonarvarde" på Seim.
Kl.17-19 Open gard. Hjelmås Hestesenter.
Kl.12-17 Strilefiskefestival på Lyngheisenteret, Lygra.

### Fredag 5.sept.
Konsert m/De Musikalske Dvergene i Garveriet, Isdalstø.
Laurdag - dans v/husbandet

### Fredag 5. til søndag 7. sept.
Knarvikmila.

### Søndag 14.sept.
Kl.11 Helsestell i Lindås i soge og samtid. Lindås.

# Masfjorden

Nordhordland
og Gulen

## Bjørn West-marsjen

Denne turen er lagt opp som ein turmarsj der heile familien kan delta. Marsjen, som går i lett turterreng, er ein minnemarsj om det som hende i Matrefjella siste del av verdskrigen. Marsjruta er lagt framom mange av dei historisk kjende stadene der Bjørn West-soldatane vandra i dei siste krigsdagane i 1945. Den går frå Litlematrestølen gjennom Kringlebotn til Kalvefjellet og Stordalen.

## Bedehuskveld

Ved Bjorg S. Solsvik Åvitsland og Signe Bakke. Bedehuskveld med gamle bedehussongar og tradisjonell servering.
Sjå side 4 for meir omtale.

## Barnehagedag

med fokus på kyst og sjø. Barnehagens dag er vorte ein tradisjon i Masfjorden. Den


*Spelesugjen på Leda. Foto: Frode Vee-Haugen*

dagen fokuserer dei tilsette saman med foreldre og barn på kor viktig barnehagen er i vårt lokalsamfunn. Barnehagen vil vera open for bygdefolket. Dette året vil fokusen vera mot kyst og sjø. Arrangør: Sandnes barnehage.

## Fiskefestivalar:

Fredag 4. og laurdag 5. juli Fiskefestival og kystkultur på Masfjordnes.
Laurdag 19. juli Fiskefestival og kystkultur på Risnes.


*Aktivitet på Risnes kai. Foto: Frode Vee-Haugen*

**Nærare informasjon hos:**
**Masfjorden kommune**
**v/Frode Vee-Haugen,**
**tlf. 56365100.**
**Internett heimeside:**
**www.masfjorden.kommune.no**

## PROGRAM:

### Laurdag 23. aug.

Kl. 11-16 Veteranar viser rundt på Bjørn West-museet.

### Søndag 24. aug.

Kl. 11-16 Veteranar viser rundt på Bjørn West-museet.
Bjørn West-marsjen.
Kl. 07 start med buss frå Matre skule.
Kl. 14 Retur frå Stordalen fjellstove.

### Torsdag 4. sept.

Kl. 19 Gamaldags Bedehuskveld på Haugsvær bedehus

### Torsdag 25. sept.

Barnehage-dagen 2003.

# Meland

## Marknad på Holmeknappen

Her på Holmeknappen – kulturminnevernområdet i Meland – steller me til marknad med sal og utstilling av mange handverks- produkt. Kom og sjå demonstrasjon av gamle landbruksmaskinar, eller bli med på ein tur med gamle veteranbilar. Sal av tradi-sjonsmat som sild, flatbrød og lefser. Gamledampen 'Oster' ligg ved kai, og grupper frå Kulturskulen og elevar frå Vestbygd skule vil opptre. Musikalske innslag frå lokale utovarar. Holmestova frå 1551 som er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland, er open for omvising. Sjøbua frå 1700-talet likeins. Blir du svolten, er Holmeknappen kaikafe open med bl.a. middagsservering.

## Friluftsgudsteneste

Det vert friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai om sondagen. Arr. Sokneràdet. Etter friluftsgudstenesta blir det utdeling av kommunen si kulturrose, før marknaden opnar.

## Vestbygdmarsjen

Vestbygdmarsjen blir arrangert for 8.gong. Start og mål på Holmeknappen. Lang løype går i skog, mark og opp på Ramusfjellet. Kort løype er flat og kan brukast av folk med barnevogn/rullestol.
Arr. Holmemarka Vel.



*Holmestova*
*Foto: Jan Henrik Reksten*

**Nærare informasjon hos: Meland Kommune – kulturetaten, tlf. 56174000**



*Hakkemaskin*
*Foto: Jan Henrik Reksten*

### PROGRAM:

**Fredag 29. aug**
Kl. 19 Melands Revyen: 'Ikkje eit år utan'. Tveit Ungdomshus

**Laurdag 30. aug.**
Kl 11-17 Marknad/torg på Holmeknappen.
Kl 19 Melands Revyen: 'Ikkje ....
Dale ungdomshus

**Søndag 31.aug.**
Kl. 11 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen.
Kl 12-17 Marknad/torg på Holmeknappen.
Kl 12-13 Vestbygdmarsjen Holmeknappen.
Start/påmelding
Kl.19 Melands Revyen: 'Ikkje....
Rossland Ungdomshus

# Radøy

Nordhordland
og Gulen



*Slåttonn på Bogatunet. Foto: Rune Rydland*

## "Magiske Perler"

Hordaland Teater i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland tar utgangspunkt i stoff frå 1800-talet og trillar perler som også har magisk kraft i vår tid. Målgruppe: Store barn (5-7 klasse), familiar og vaksne. Sjå side 4 for meir omtale.

## Skogsdag på Risnes

Opning av den nye skogsbilvegen. Demonstrasjon av fliskvern og vedmaskin. Skogskaffi med noko attåt høyrer med på ein slik dag

## Kvernhuset på Villanger

Omvising på dei restaurerte kvernhusa. Dersom det er nok vatn malar vi korn. Kaffi og lefser.

## Ein "familie" på Bogatunet

Ein skuleklasse frå Manger skule vil "bu" på Bogatunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Kom og opplev dagleglivet på denne tida og bli servert tradisjonsrik mat.

## Haustdag i Tjorehagen

Tjorehagen med sine 400 ulike rododendronartar og like mange tre og buskar inviterer til hagevandring. Haustrabatt på hageplantar. Servering av kaffi og vaflar.

## "Ro for livet"

...rotur langs Radøy for alle med trebåtar. Fredag går starten frå Lynghelsenteret – med brask og bram, og kulturelle innslag. Laurdag ror vi vidare frå Lygra via Straume til Skjenholmen/Risnes der det blir overnatting og sosialt samvær. Søndag går turen vidare frå Skjenholmen til Bøvågen og Skageneset/Manger. Ver og vind kan medføra endringar i programmet.



*Kvernhuset på Villanger. Foto: Ashjørn N. Toft*

**Nærare informasjon hos:**
**Internett heimeside:**
**www.nordhordland.net/radoy**

## PROGRAM:

***Fredag 22. aug.***

Kl.19 "Magiske Perler" i kinosalen på Manger.

***Laurdag 23. aug.***

Kl.15 Skogsdag på Risnes.

***Søndag 24. aug.***

Kl.15 Kvernhuset på Villanger.

***Måndag 25. til fredag 29. aug.***

Ein "familie på Bogatunet":
Kl.09-14 Månd., onsd. og fredag.
Kl.12-18 Tysdag og torsdag.

***Laurdag 30. aug.***

Kl. 12-17 Haustdag i Tjorehagen.

***Fredag 5. til søndag 7. sept.***

Kl. 18.00 "Ro for livet" start frå Lynghelsenteret.

***Søndag 7. Sept.***

Kl.15 Bogatunstemne.

***Lørdag 20. sept.***

Kl.20 Dansegalla i Radøyhallen med "Thorleifs".

# Den kulturelle skulesekken

**Stiftinga Kystsogevekene markerer Den kulturelle skulesekken slik dette året:**

Midthordland: Osterøy museum 23. aug. kl. 15: Osterøy kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer alle skulane i kommunen til den offisielle opninga av Kystsogevekene 2003.
Opningsframsyninga er kulturkabareten "Osterøy, ei øy i verda" – eit samansett program der born, ungdom og vaksne viser innslag med lokal, nasjonal og internasjonal tilknyting.
Programregi Kristoffer Foldøy. Musikkansvarleg og orkesterleiar er Frank Windt.
Arrangør: Oppvekst og kulturavdelinga, Osterøy kommune støtta av Stiftinga Kystsogevekene.

**Sunnhordland:** Moster Amfi 15. og 16. sept. Bømlo kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer 4. klassesteget i Sunnhordland til ein kultur og opplevelsedag i Moster Amfi i "Det gode møte mellom fortid og notid, mellom kultur, tradisjon og fornying". Det blir allsong, musikk, song og leik, kulturvandring i Mostraparken og barneforestilling i amfiet.
Arrangør: Oppvekst og kulturavdelinga, Bømlo kommune støtta av Stiftinga Kystsogevekene.

**Nordhordland:** Håkonshaugen på Seim fredag 29.august. "Håkonarvarde" av Johannes Heggland, musikk Jostein Stalheim. Skuleframsyning. Regi Gerald Pettersen. Orkester Manger Musikklag. 150 amatørar og profesjonelle deltek.
Arrangør: Stiftinga Håkonshaugen støtta av Stiftinga Kystsogevekene.

**Bergen:** Grieghallen 06. september "Kystgildet 2003" – festframsyning. Sjå eigen omtale i katalogen.

**Stiftinga Kystsogevekene ser det som realistisk å komme i gang med opplegg i dei fleste kystkommunane i 2004 for å markere Den kulturelle skulesekken.**

# Kystgildet 2003.

**Nordhordland – Midthordland og Sunnhordland gjestar Bergen**

Laurdag 06. september: Kulturutøvarar frå alle kystkommunane i Hordaland set farge på Bergen by:
kl. 10 – 15 barn – unge og vaksne, opererer på Torget, Vågsalmenningen og Torgalmenning
kl. 18 stor festframsyning i Grieghallen
Frå programmet: Jazzband, dansegrupper, song, kabaret, revy, teater, kor, korps, trekkspelgrupper, toradargrupper og ei lang rekkje solistar. Detaljert program vert annonsert.
Arrangør: Stiftinga Kystsogevekene og støtta av Regionrådet for Nordhordland og Gulen, Regionrådet for Bergen og Omland, Samarbeidsrådet i Sunnhordland.

# Kulturvandring

-ein triveleg dagstur i Sunnhordland….. for familie og venner

**Sunnhordland 2003**

I kvar av deltakarkommunane er det utplassert informasjonstavler ved kulturminne/kulturlandskap. Desse er innteikna på kart med namn og postnummer. Konkurransen går ut på å oppsøkje så mange postar som mogeleg i løpet av sommaren for å samle poeng.

Konkurransen blir avslutta med ein "finale" på Stord ein gong i oktober. Premieutdelinga skjer på dette arrangementet.

**Vinn: Reisesjekk på kr. 15 000,- – eller andre premiar!**

Påmelding/kjøp av startpakke: Startpakken kostar kr. 200,-
Direktekjøp i kvar kommune (oppslag i lokalpressa) Oversikt over salsstadane på www.kystsogevekene.ivest.no.
Eller bestill på telefon og få tilsendt 97790505, 92856541, 41423055, 53741897
Eller bestill pr.e-post: bygdatun@frisurf.no eller odd.jan.lien@hordaland-f.kommune.no
For nærare opplysningar: Stiftinga Kystsogevekene tlf. 55239173 eller
Langevåg Utvikling tlf. 53421875
Gi sommarferien meir mål og meining.

# Museum og utstillingar

## Askøy kommune:

Herdla museum, Herdla
Natur, kultur og krigshistorie.
tlf. 56 14 51 50
Ope: Kverd. 10-15, laurd.-sønd. 12-16

## Austevoll kommune:

Hufthamartunet, Storebø
Bygdetun
Tlf. 56 18 0 300
Ope: etter avtale

## Bergen kommune

Damsgård Hovedgård.
1700-tals lystgardsanlegg.
Tlf. 55 33 66 30.
Ope:20/5-31/8: Alle dagar 11-17
Månd. stengt. Mai – sept.: Alle dagar etter avtale.

Stiftelsen Alvøen Hovedbygning.
Tlf. 55 93 18 19.
1700-tal herregardsliknande bygning, i ein av dei eldste industristadene i Noreg.
Ope: Medio mai-medio sept.: sønd. 12-17. Elles etter avtale.

## Bømlo kommune

Moster kyrkjehistorisk senter, Mosterhamn.
Ope månd.- fred. kl. 10-15.
Omvisingstider 11.- 31.aug.: Sønd. kl. 13., 14., 15. og 16. Omvisinga omfattar også Moster gamle Kyrkje.
Tlf. 53 42 66 20, e-post: mostamfi@start.no

Baadehuset, Espevær
28.juni-10.aug. omvising kl. 1430 og 1530.
Elles etter avtale, tlf. 53 42 79 41

Hummarparken, Espevær
28.juni-10.aug. omvising kl. 12. og 13.
Elles etter avtale, tlf. 53 42 79 41.

Baroniet kyst- og Gardsmuseum, Brandasund.
Omvising etter avtale med Øyvind Johnsen,
tlf. 53 42 95 52

Motormuseet i Eidesvik
Omvising etter avtale med Knut Kolbjørnsen,
tlf. 53 42 44 33.

Kulleseid Telegrafstasjon
Omvising etter avtale med Tolleiv Hidle,
tlf. 53 42 68 80.
5. til 7.sept. same opningstid som Kanaldagane. Omvisar Egil Reimers.

Moster Sogelag museum.
1.juni – 17.aug. laurd. og sønd. kl. 15-17.
Vekedagar etter nærare avtale, tlf.
915 11 489/53 42 64 54.

## Fedje kommune:

Kræmmerholmen, Fedje
Gamal, restaurert handelsstad
Tlf. 56164100

## Fitjar kommune:

Årskog museum, Fitjar
Gamal bygning og bygdesamling
Ope: etter avtale med kulturkont.
tlf. 53 48 85 00

## Fjell kommune:

Langøy Kystkultursenter, Langøyna
Restaurert handelsstad med bakeri, kafe og overnattingsplass.
Ope kvar søndag kl.12-18 mai-sept., eller etter avtale med driftsleiar
tlf. 56 33 51 60

Misje Museum viser daglegliv og virke gjennom 100 år. Kafe. Ope kvar sønd. kl.15-18 i sommarmånadene, eller etter avtale med Misje Bygdalag v/Jostein Misje,
mobil 90 83 14 40

N.O.P. Storesund landhandel, Syltøyna
Velhalden og levande presentasjon av vår nære fortid – landhandel, postkontor og gamle båtmotorar. Interesserte kan få omvising etter avtale med eigaren, Egil Storesund, tlf.: 56 33 38 46

Smia i Storesund – "Smio i sundet"
Eit lite hus der ein med enkle midlar laga alt frå komplisert båtutstyr til praktiske løysingar som letta kvardagsslitet. Omvising etter avtale v/Vidar Tveranger tlf.: 95 94 24 05.
Eigar: Fjell kystlag.

Nordvikkverna, Nordvika
er om lag 175 år gammal og i fullgod stand.
Omvising etter avtale med kulturminnelaget
v/Olav Knappskog tlf.: 56 33 07 46

## Gulen kommune:

Gulen fiskarbondemuseum, Byrknesøy.
Fiskarbondetun frå 1800-talet med
autentiske bygningar, innsamla historiske
gjenstandar og skrifter.
Omvising juni-august etter avtale. Kr 25,-
barn u/15 år gratis.
Tlf. 57 78 23 91/57 78 32 21, olavso@tiscali.no

## Lindås kommune:

Lyngheisenteret på Lygra.
Utstilling av gamle tradisjonsbåtar frå Lindås.
Søndagsope frå 2.mars.
Ope: Juni-aug.: dagleg 11.30-19, mai og sept.:
månd.-fred. 11-16, sønd. 12-18.
Andre opningstider, tlf. 56 35 64 10

## Masfjorden kommune:

Bjørn West-museet, Matre.
Krigshistorie
Tlf. 56 36 63 00
Ope juli-aug.: Alle dagar 1100-1600
April-sept.: laurd. og sønd. 1300-1600.

Trodalsamlinga, Trodalen
Gamalt, spesielt hus og tingsamling
Tlf. 56 36 62 33
Ope etter avtale.

Kvamsdal Fargeri, Sandnes
Komplett med utstyr og reiskapar,
dokumentasjonsvideo.
Kontakt Masfjorden kommune
v/Frode Vee-Haugen, tlf. 56 36 51 00.

Sandnes not- og sjøbrukssamling
Sandnes nothus vart bygd på slutten
av 1800-talet.
Kontakt Masfjorden kommune
v/Frode Vee-Haugen, tlf. 56 36 51 00.

Sleire skulemuseum
Har ei utstilling med skulemateriell
frå fleire tidsepokar.
Kontakt: Lars Gunnar Lie, tlf. 56 16 64 00.

Matre Hotell
Reist i 1911, har høyrt til gamle
Kjøbmannsstuen på Bryggen i Bergen.
Kontakt: Matre Hotell og Restaurantdrift A.S,
v/Nancy Andersen, tlf. 56 36 64 00

## Meland kommune:

Holmestova, Holmeknappen
Ope:

## Os kommune:

Lysøen, Ole Bulls villa
Tlf.: 56 30 90 77
Ope: 18/5-31/8. Månd.-laurd. 12-16
Sønd. 11-17. Sønd. i sept. 12-16.

## Osterøy kommune:

Osterøy Museum, Gjerstad.
Bygdetun
Tlf.: 56 19 34 40
Ope: Kvardagar 10-15.
Søndagar juni-sept. 12-17
Kvardagar juli 10-17

Havråtunet
Klyngetun
Tlf.: 56 19 34 40.
Ope: Sønd. 12-15 medio juni-ut sept.
Tysd. og onsd. 12-15 medio juni-medio aug.
Elles etter avtale.

## Radøy kommune:

Vest Norsk Utvandringssenter, Sletta

## Stord kommune:

Sunnhordland Folkemuseum, Leirvik.
Ope: Månd.-tysd.-torsd.-fred.: 10-15.30.
Onsd. og sønd. 16-19. Laurd. 10-13.
Tlf. 53 41 38 99.

Gruvene på Litlabø.
Friluftsmuseum. Restaurert
gruvearbeidarbustad. Utstilling i
gruvesmia. Omvising etter avtale.
Tlf. 53 41 38 99.

Galleri Giga, Leirvik.
Grafikkutstilling og sal,
Inger Sitter. Borggata 19.
Ope: Kvardagar kl.11.- 16.30
Torsd. kl. 11-18, laurd. kl. 11-14.30.
Tlf. 53 41 10 23.

Kunsthuset på Almås, Sagvåg.
Almåsvegen.
Ope: torsd. og fred. kl. 18-20,
laurd. 12-15, sønd. 17-20.
Eller ring for avtale!
Tlf. 53 49 30 43.

## SUND KOMMUNE:

Nordsjøfartmuseet, Tælavåg
Ope: 1/5-31/8, månd.-laurd. 11-16,
søndager heile året 12-17.

## SVEIO KOMMUNE:

Ryvarden kulturfyr.
juli-august: Torleiv Tveit – foto,
Lars Tveit – maleri.
September: Olaf Storø, grafikk
og maleri.

Fartein Valen museet, Valevåg.
Heimen til komponisten.
Tlf. 53 74 80 00.

Søndhordland Motormuseum
Lunde gård, Valevåg.
Tlf. 53 74 21 16.

## TYSNES KOMMUNE:

Årbakka handelsstad, Årbakka
Årbakkvollen
Tlf. 53 43 51 41.

## ØYGARDEN KOMMUNE:

Kystmuseet i Øygarden, Ovågen.
Tlf.: 56 38 50 50
Ope: 21/6-16/8 månd.-laurd. kl. 11-16
sønd. kl.12-17,
18/8-31/8 månd.-fred. kl. 11-16
sønd. kl. 12-17.
1/9-30/9 sønd. kl.12-17.

## UTSTILLINGAR

**Osterøy museum**

- Helse og omsorg 24. mai-31.september.
- Bilde frå Lonevåg – Tønner - Blomar. Utstilling ved elevane ved Osterøy vidaregåande skule 24. mai – 20. august.
- Frå kursverksemda til Osterøy Husflidslag sommaren 2003.
- Brakje – Osterøyplanten. Tradisjonsbruk av einer. Sunnhordland folkemuseum.
- Sommarutstilling med tema om utviklinga innan sjukdom og helsestell.

BKK

- ein lokal medspelar

auto23

80 år

Det geografiske området for Kystsogevekene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

**Gulen**
**Masfjorden**
**Fedje**
**Lindås**
**Radøy**
**Meland**
**Austrheim**
**Osterøy**
**Askøy**
**Bergen**
**Øygarden**
**Fjell**
**Sund**
**Os**
**Fitjar**
**Austevoll**
**Bømlo**
**Stord**
**Sveio**
**Tysnes**






**Leia:**
Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdselsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelsskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scener i fjordlandskapet:

*(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)*

*Redaksjonen:*
*Nina Randal*

**For meir informasjon og avtaler kontakt:**

Stiftinga Kystsogevekene: Agnes Mowinckelsgt. 5, Postboks 7900, 5020 Bergen.
Tlf.: 55 23 91 73. E-post: odd-jan.lien@hordaland-f.kommune.no